

*Fjellstyret har på initiativ frå brukarane teke kontakt med byggherre på utbetningsprosjektet i Haukelitunnelen.*

*Vegvesenet informerer om at trafikken gjennom Dyrskar vert annleis enn førre gong. På dagtid vert det kolonnekøyring for all trafikk, medan det på natta er fri ferdsel for bilar under 3.5 tonn. Dei er heilt avhengige av å ha flyt i trafikken, og eventuelle møteplassar langs vegen kan ikkje vere opptatt av parkerte bilar.*

*Vegvesenet understrekar likevel at dei veit at området er viktig for brukarane av statsallmenninga, og at desse sjølv sagt skal ha tilgong til området. Dei ynskjer å unngå parkeringsforbud langs vegen, men må ta ei vurdering om det visar seg at dette vert eit problem i løpet av sommaren. Dette vil ikkje gjelde sidevegar.*

*Vegvesenet ber oss formidla følgjande:*

- Bilar må ikkje parkera på møteplassar langs vegen, men bruke sidevegar til parkering.*

*På dagtid mellom 10:00 og 23:00*

- Ynskjer ein å svinge av på ein sideveg, bør ein informerer dirigenten om dette for kolonnen startar.*
- På veg ut at av området, skal ein vente på kolonnen, for å henge seg på denne. Dette sjølv sagt for å ikkje treffe møtande trafikk.*

*Frå fjellstyret sitt synspunkt så er dette ei leveleg løysing. Fjellstyret ber difor brukarane respektere vilkåra sett av Vegvesenet. Minnar om at dette prosjektet tar tre år, og eit godt samarbeid med byggherren difor er til alle sin fordel.*